

Vestland Idrettskrets

Styremøteprotokoll [09/25]

Dato: 22.11.2025

Tid: 11:00-12:00

Stad: Scandic Ørnen

1. Deltakarliste

Namn	Rolle	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal	Styreleiar		x	Sjukmeld
Tone Stavland	Konstituert Styreleiar	x		
Jan-Erik Weinbach	Styremedlem	x		
Anne-Grethe Naustdal	Styremedlem	x		
Jeanette Hegggen	Styremedlem	x		
Heidi Hatlen	Styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig	Styremedlem		x	
Natalia Golis	Varamedlem	x		
Lasse Lerum	Varamedlem		x	
Randi Marie Farnes	Organisasjonssjef	x		
Ole Nilsen	Økonomikonsulent	x		Var med på behandling av sak 52/25
Ronny Lockert	Seniorrådgivar anlegg			Var med på behandling av sak 53/25
Bodil Ryste	Rådgivar idrettsfag			Var med på behandling av sak 54/25

2. Saksliste

Sak nr.	Tittel
50/25	Godkjenning av innkalling og saksliste
51/25	Godkjenning av førre protokoll
52/25	Økonomi
53/25	Tildeling "Straumsmarte idrettsanlegg"
54/25	Revidert mandat ungdomsutval
55/25	Kretsting 2026 - førebuingar
56/25	Eventuelt

3. Saksbehandling

Sak 50/25 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak	Møteinnkalling og sakliste godkjent
--------	-------------------------------------

Sak 51/25 – Godkjenning av førre protokoll

Vedtak	Protokollen frå styremøte 08/25 godkjent
--------	--

Sak 52/25 – Økonomi

Saksggrunnlag	Resultatregnskap, balanse og avdelingsoversikt pr 31.10.25
Kommentarar	Resultatprognosen for VIK pr. 31.10.25 viser eit underskot på kr 344.560 som er omtrent på budsjett, men noko svakare enn førre framlegg i september. Hovudårsaka er at vi har valt å ta høgde for usikkerheit rundt pensjon kostnad for resten av året og tilskotet frå Bergen Kommune omtalt i september blei 50.000,- lågare enn søkt om. Det er som vanleg på denne tida usikkerheit rundt kva prosjekta våre tilfører økonomien vår og kva for nokre midlar som eventuelt ikkje er brukt og må avsetjast i rekneskapen. Vi har og tatt høgde for at profileringa av idrettens hus i Bergen vert slutført i 2025. I forbindelse med at NIF går over til innskotspensjon frå 1.1.2026 så kan det komme ekstra kostnad då tilsette som kjem dårleg ut av denne endringa skal kompensert for dette. Kor mange i VIK dette dreiar seg om og kva beløp det er snakk om er framleis uklart. Tidspunkt for denne kostnadsføringa er også uklart. Kommentrar til drifta av avdelingane VIRK: Generelt ser det bra ut, og resultatet for desse avdelingane vil ikkje påverke resultatet til VIK.
Vedtak	Resultatprognose pr 31.10.2025 tas til etterretning.

Sak 53/25 – Tildeling “Straumsmarte idrettsanlegg”

Saksgrunnlag	Vestland idrettskrets vart i 2024 tildelt 5 millionar kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til prosjektet “Straumsmarte idrettsanlegg”. Det er Vestland idrettskrets som handterer og forvaltar ordninga, som gjeld anlegg innanfor det geografiske området Sogn og Fjordane. Det vart utdelt ca. 1,3 millionar i 2024, og det står att ca. 3,7 millionar i ordninga.
Kommentarar	Målet med prosjektet er å redusere energibruken og driftskostnadane på: • idrettslagseigde idrettsanlegg, og • offentlege idrettsanlegg (nytt i 2025), mellom anna kommunale og fylkeskommunale anlegg med tydeleg idrettsfunksjon, der idrettslag har ansvar for drifta (til dømes betalar straumavgifta). Straumsparende tiltak som skifte til moderne og energieffektiv idrettsbelysning er ein sentral del av ordninga. Det er mogleg å søkje på inntil 1/3 av kostnadane inntil kr. 500.000,-. Ved rehabilitering av klubbhus og garderobebygg vert det i 2025 i tillegg mogleg å søkje på installasjon av: • Utsifting av lysanlegg i garderobar og klubbhus inngår også i ordninga, men i desse tilfella er søknadssum avgrensa til 1/3 av totalkostnad oppad til kr. 75.000,- pr. søknad. • varmepumpe (luft til luft eller luft til vatn) 1/3 av kostnad inntil kr 40.000,- • bergvarmeanlegg med varmepumpe 1/3 av kostnad inntil kr. 70.000,- • solcelleanlegg 1/3 av kostnad inntil kr. 80.000,- • etterisolasjon og/eller skifte av vindauge/dører 1/3 av kostnad inntil kr. 200.000,- • balansert ventilasjon 1/3 av kostnad inntil kr. 40.000,- Ein føresetnad for å motta støtte frå «Straumsmarte idrettsanlegg» er at det også vert søkt spelemidlar til tiltaket.
Vedtak	Styret vedtek tilskot til søkjarar på ordninga “Straumsmarte idrettsanlegg” jamfør kriteriane. Årets tildelingar utgjer kr. 3.562.525,-. Liste over tilskotsmottakarar er lagd ved i sakspapira. Alle tildelingar blir gjort med atterhald om at spelemedelsøknadar blir endeleg godkjende av Vestland fylkeskommune.

Sak 54/25 – Revidert mandat ungdomsutval

Saksgrunnlag	<u>Mandat vedtatt 07-22</u> Revidert mandat november 2025_utkast Protokoll frå møte i Ungdomsutvalet: 0625 Protokoll UU VIK
Kommentarar saksbehandlar	Vestland idrettskrets sitt ungdomsutval vart formelt oppretta i 2020. Mandatet vart første gong vedtatt i styremøte 10/20, og sist gong revidert i idrettskretsstyremøte 07/22. Vi har no sett behovet for å gjere nokre justeringar og forenklingar i språket i mandatet, og nyleg vart det gjennomført eit innleiande møte mellom idrettskretsen sin kontaktperson, Bodil Ryste, og leiar og nestleiar i ungdomsutvalet. Det vart i dette møtet jobba fram nokre framlegg til justeringar, som ungdomsutvalet i sitt førre møte godkjente (sak 27/25 i møte 06/25). Justeringane vert no lagt fram for godkjenning og vedtak i idrettskretsstyret.
Vedtak	Idrettskretsstyret vedtek revidert mandat og ber administrasjonen ta inn endringane og oppdatere mandatet som ligg på nettsida.

Sak 55/25 – Kretstinget 2026 - Forberedingar

Kommentarar	- Jmf. e-post utveksling: Tinget flytta frå Voss til Bergen, og stad for arrangementet er Scandic Bergen City - Styret støttar at ein prøver å få til synergjar rundt samarbeid med Bergen Swim, Idrettsklynge Vest og tema arrangement. I tillegg ynskjer ein at ein lagar eit arrangement med tema beredskap og idrettens rolle i dette – desse må gjerne sjåast i samanheng. Arrangementa kan gjennomførast både på fredag og i forkant av tinget på laurdag. - Oppstart av valkomitèen sitt arbeid, styret ynskjer å legge til rette for eigenevaluering.
Vedtak	1. Idrettskretsstyret vedtek at Idrettskretstinget gjennomførast i Bergen. 2. Det settast ned følgande arrangementskomitè som jobbar fram arrangementa tilknytta kretstinget: Natalia Golis, Anne-Grethe Naustdal, Tone Stavland, organisasjonssjef Randi Marie Farnes og dei ho vel ut frå administrasjonen.

	3. Administrasjonen lagar eit utkast til eit formsskjema med eigenevaluering som kan spelast inn til valkomitèen.
--	--

4. Orienteringssaker

Tema	Notat / kommentar
Kort status drift	Organisasjonssjef orienterte kort om drift.
Ildsjelpris	Ildsjelprisen vert delt ut 17.11.25 og går til Annbjørg Sunnarvik i Florø turn og idrettsforening. Ho vert overraska av Stian Grimseth.
Post 1	Org.sjef orienterte om status på prosess. Per tidspunkt skal det fattast eit vedtak om ny fordelingsmodell i idrettsstyret den 17. desember.
Idrettsgalla 2026	Fylkesvaraordførar Stian Davies blir med oss frå Vestland fylkeskommune. Vi har også invitert med oss representantar frå Stortingsbenken i Sogn og Fjordane og Hordaland. Avventar svar derfrå.
Ungdomsutval	Protokoll frå ungdomsutvalmøte vedlagt.
Høring - Forslag til forskrift om tilskudd til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet	NIF ønsker at idretten står samla om eit felles høyringsinnspel til KUD. Det vil komme eit forslag til høyringsinnspel som idrettskretsane må ta stilling til. Dato for når dette kjem er uviss.
HMS	

5. Deltaking / representasjon

Dato	Arrangement	Deltakarar
14.10.25	Balansekonferanse – Unge krefter	Magnus Hesjedal Hartwig Grethe Hillestad Bodil Ryste
16.10.25	IKSU møte	Tone Stavland Randi Marie Farnes
25.10.25	Galla Hordaland friidrettskrets	Tone Stavland Magnus Hesjedal Hartwig
01.11.25	IL Solid sitt 80- års jubileum	Tone Stavland



06.11.25	Opning Nymark kunstgras og treningspark	Magnus Hesjedal Hartwig Randi Marie Farnes
16.11.25	Forbundsting Triathlon	Tone Stavland